



Kapittel 9

No skal du lytte til det niande kapittelet av *Den store nordiske julechallenge*. Les gjennom oppgåvene før du lyttar.

A.

Kva tenker du på når du tenker på Danmark?

B.

Kva er Danmark kjend for ifølgje Nis?

Sett kryss ved dei svara som er riktige:

- | | |
|---|---|
| <input type="checkbox"/> Vakre fjell og fjordar | <input type="checkbox"/> Subway surfers |
| <input type="checkbox"/> Leverpostei | <input type="checkbox"/> ABBA |
| <input type="checkbox"/> Remoulade | <input type="checkbox"/> Den lille havfrue |
| <input type="checkbox"/> H.C. Andersen | <input type="checkbox"/> Brun saus og poteter |
| <input type="checkbox"/> Ullundertøy | <input type="checkbox"/> Plastjuletre |
| <input type="checkbox"/> Lego | <input type="checkbox"/> Turar til sjukehuset på julekvelden på grunn av for mykje saus |

Dei fleste av oss i Norden har ei forventning til korleis dei andre nordbuarane er og oppfører seg. Nokre gonger blir fordommane våre avkrefta og andre gonger er det litt sanning i det vi forventer. Når vi har slike forventningar om andre, kallar vi det for stereotyper. Når vi møter andre, er det viktig at vi utforskar skilnadane hos kvarandre på ein omsorgsfull og venleg måte. På den måten blir vi klokare både på oss sjølv og dei vi møter.

C.

Du kan lese meir om dansk jul på nettet.

